



HELSE BERGEN
Haukeland universitetssjukehus

FJELL KOMMUNE	
Sentralarkivet	
27 DES. 2013	
J.nr. 12/2347	L.nr.
Arkiv nr. 400	Utskrift SVEFJE

Til
Rådmann Steinar Nesse
Fjell kommune

Deres ref.:

Vår ref.:

Bergen 16. desember 2013

Røntgeninstitutt på Straume

Fjell kommune planlegg bygging av eit lokalmedisinsk senter på Straume. Bakgrunn for prosjektet er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Fjell, Askøy, Sund og Øygarden i samhandling med Helse Bergen, og som resulterte i rapporten "Prosjekt betre saman" frå oktober 2009.

Bygget er venta å stå ferdig i 2017. Byggeprosjektet er no inne i avslutning av skisseprosjektet, og bindande avtaler om bruk av lokaler må vere på plass i jan/ febr 2014. Det er avsett 400 m² til røntgenfacilitetar i 1. etg i bygget

Direktør ved Radiologisk avdeling ved Haukeland universitetssjukehus Aslak Aslaksen laga i 2011 ein rapport der han utgreia røntgen på Straume. Han tilrådde at det ut frå befolknings behov, geografiske høve og økonomiske vurderingar vart bygt eit senter som tek i vare følgjande behov: bilettdiagnostikk for legevakt og observasjonspost, sjukeheim og intermediaer eining, fastlegar, avtalespesialistar, samt pasientar som skal til poliklinikk på Haukeland. Senteret kan enten drivast av Haukeland universitetssjukehus, som ein del av ein privat stiftelse eller som ein del av eit kommersielt føretak.

Då HUS hausten 2011 ikkje fant det tenleg ut frå økonomiske årsaker å etablere poliklinikk-stasjon på Straume, har det i ettertid vore arbeidd for å få Helse Vest til å legge Straume som ein lokasjon inn i røntgenanbodet for private aktørar.

På invitasjon frå Fjell kommune stilte Helse Vest ved fagdirektør Baard- Christian Schem på møte for å ha ein dialog om saka den 6. september 2013. Viseadm. Dir. Anne Sissel Faugstad, Avdelingsoverlege Anne Taule frå Radiologisk avdeling og rådgjevar Ingebjørg Halstensen var til stades frå Haukeland universitetssjukehus.

På møtet kom det fram at Helse Vest ikkje vil legge ut røntgenanbod med krav om lokalisasjon på Fjell. Helse Vest opna for at Helse Bergen kunne drive røntgeninstitutt på Fjell innafør dei rammene dei er tildelt.

Det har også vore oppe til diskusjon om Helse Bergen skulle etablere eit pilotprosjekt for diagnostisk senter på Straume. Diagnostisk senter er eit senter der pasientar med mistanke om kreft kan få ei rask og fullstendig utgreiing. Det er under etablering eit pilotprosjekt med diagnosesentre for denne pasientgruppa ved Ahus. Etter å ha hatt kontakt med prosjektleiar for diagnosesenteret ved Ahus, vart det klart at eit slikt senter ville vere avhengig av nærleik til fagmiljøa på sjukehuset.


Det kunne derimot vore interessant for Haukeland universitetssjukehus å rute ein del poliklinikk til røntgeneining lokalisert utanom Haukelandsområdet slik at Haukeland får betre kapasitet på dei meir komplekse røntgenundersøkingane.

Det vart utarbeida notat til direktørens arbeidsutval 12. november om drift av poliklinisk røntgeneining på Straume, og saka vart grundig drøfta der. Det kom fram at låge inntekter på poliklinisk røntgen vil gjere det vanskeleg å drifte ei røntgeneining på Straume. Polikliniske inntekter for røntgen vil ikkje strekke til for å halde oppe drift av ein rein poliklinikk.

For å drive poliklinisk røntgenverksemd på Straume vil ein måtte ta frå ramma for røntgenavdelinga på Haukeland. Ved Haukeland Universitetssjukehus står det fleire nye investeringar på vent, mellom anna eiga røntgeneining i den nye mottaksklinikken. Driftskostnadene vil auke ved fleire einingar, og ein vil ikkje klare å også drifte ei poliklinisk eining utanom sjukehuset.

Helse Bergen har difor etter nøye utgreiing og drøfting kome til at vi ikkje har høve til å ta på oss å drifte ei poliklinisk røntgeneining på Straume.

Med venleg helsing



Stener Kvinnsland

Adm dir